



Type møte: Etne kyrkjelege fellesråd	Oppmøte: Møterom Etne kyrkjekontor
Dato: Tirsdag 26.november 2024 kl.18.00	

Frammøtte:

Gerd Ingunn Opdal	Leiar
Reidar Leknes	nestleiar
Ole Vidar Melkeraaen	repr. Skånevik
Kjell Ingvald Matre	repr. Etne
Andreas Aune	Kommunal vararepresentant
Kari Vik Stuhaug	Geistleg representant

Forfall:

Kenneth Karslen	Kommunelrepresentant
------------------------	-----------------------------

Opning Kjell Ingvald**SAKER:****Sak 39/24 Godkjenning av innkalling og sakliste****Vedtak**

Innkallinga og saklista vart godkjend med 1 ekstra sak.

Sak 40/24 Oppfølging av referat frå 1.okt**Vedtak**

Referatet vart tatt til følgje

Sak 41/24 Høyring om regulering av styringstenesta i Den norske kyrkja i kyrkjeordninga og av tilhøvet mellom prestetenesta og verksemda til soknerådet mv.

Høyringsbrev, notat og spørsmål blir sendt i eigen mail på torsdag.

Vedtak

Fellesrådet støttar forslaga i høyringsspørsmåla i punkt 1, 3 og 4.

I punkt 2 svarar fellesrådet nei, og legg til ein merknad om endring i ordlyd:

Kyrkjerådet sitt forslag:

Styring av Den norske kyrkje skjer på alle nivå i et samvirke mellom valgte representanter for og blant kirkens medlemmer og representanter for tjenesten med ord og sakrament. De som er valgt til å sitte i styringsorganer i Den norske kirke, inngår i kirkens styringstjeneste.

Forslag til alternativ formulering:



Den norske kyrkje vert styrt av demokratiske organ på alle nivå, og vert utøvd i eit samvirke mellom valde representantar for og blant kyrkja sine medlemmer og representantar for tenesta med ord og sakrament.

Sjå vedlagt høyringssvar.

Sak 42/24 Høyring «Om biskopens tilsyn»

Høyringsbrev, notat og spørsmål blir sendt i eigen mail på torsdag.

Vedtak

Fellesrådet støttar forslaga i høyringssspørsmåla i punkt 1, 2, 6 og 7.

- ❖ Spørsmål 3. Fellerrådet svarar ikkje ja/nei, men legg inn ein kommentar:
 - *Kor klokt er det å dele arbeidsgjevarrolle og tilsynsrolle når ting spissar seg til ved konflikter?*
 - *I dette forslaget må prosten forhalda seg til to overordna, både stiftsdirektør og biskop. Me ser ikkje logikken i at det er delt i 2 på bispedømenivå og samla igjen på prostnivå.*
 - *Det må tydeleggjerast kva som er målet med dei føreslåtte endringane og kvifor.*
 - *Kor tenleg er det at biskopen ikkje har arbeidsgjevaransvar for prestane når han/ho skal leia dei på det som er deira oppdrag: Forvalting av ord og sakrament.*
- ❖ Spørsmål 4. Fellesrådet svarar ikkje ja/nei, men legg inn ein kommentar:
 - *Prosten si rolle må utgreiast nærare og sett i samanheng med korleis arbeidsgjevaransvar og tilsynsansvar blir plassert/organisert.*
- ❖ Spørsmål 5. Fellesrådet svara ja, med ein merknad:
 - *Det er viktig at ikkje-vigsla stillingar av kyrkjefagleg tilsette også blir inkludert i kompetanseutviklinga.*

Sjå vedlagt høyringssvar.

Sak 43/24 Val av leiar og nestleiar

Dette skal veljast ein gong i året.

Vedtak

Det vart samrøystes attval av leiar og nestleiar.

Leiar: Gerd Ingunn Opdal

Nestleiar: Reidar Leknes



- Sak 44/24 Val av ny repr. frå fellesrådet til organisasjonsutviklingsprosjektet**
Reidar ynskjer å trekka seg, og at ein annan representerer fellesrådet i gruppa.

Vedtak

Andreas Aune vert representant frå Etne kyrkjelege fellesråd saman med Gerd Ingunn.

Sak 45/24 Varmepumpe Skånevik kyrkje

Varmepumpa i Skånevik er gammal og dårleg. Den kan ikkje reparerast, og det er berre eit spørsmål om tid før den stoppar heilt. Varmepumpa held ein grunnvarme i kyrkja. Røyrovnane vert brukt ved oppvarming til arrangement.

Lauareid service AS har gitt ein pris på ny varmpumpe på kr. 27.000 inkl. mva. Den er på 7 kW, kraftigare enn den gamle, men like stor fysisk storleik, så den kan monterast same stad som den gamle.

Vedtak

Fellesrådet går inn for kjøpa ny varmpumpe. Fellesrådet ber soknerådet om å søkja SBUL (Skånevik bygde utviklings lag) om tilskot til heile beløpet for å dekkja kostnaden med varmpumpe og montering.

Sak 46/24 Orienteringssaker

a. Referat frå sokneråda

- I. **Etne sokneråd 29.10**
- II. **Skånevik sokneråd 17.okt og 21.nov.**

b. Budsjett 2025. I kommunedirektøren sitt forslag til budsjett ligg det inne eit ekstra driftstilskot utover kommunal deflator på kr. 300.000. Det er også foreslått eit ekstra tilskot på 2 mill til nedbetaling av lån. Med desse tilskota ser det ut til at fellesrådet sitt budsjett vil gå omlag 100.000 i underskot. Budsjettet skal vedtas i neste fellesrådsmøte, når det kommunale driftstilskotet er vedtatt i kommunen. Sjå vedlegg.

c. Rekneskapsrapport jan-oktober

Sjå vedlagt økonomirapport. Det ser ut til at fellesrådet går ut med overskot i 2024. Ei av årsakene til dette er ein del sjukefråver.

d. Forsikring Etne kyrkjelege fellesråd

Sjå vedlegg

- Kyrkjeverja forhandlar vidare med waco og avklarare storleik på eigenandel, 50-100'



e. Det vart sendt 2 søknadar om tilskot frå bevaringsprogrammet.

I. **Stødle kyrkje – Særskilt forprosjekt:**

- i. Tilstandsvurdering nivå 3 - klimaskall.
- ii. Klimaovervaking, skanning og termografering.
- iii. Utarbeiding av tilbodspapir/konkurransegrunnlag for hovudprosjekt.

II. **Grindheim kyrkje – overordna forprosjekt:**

- i. Tilstandsrapport av heile kyrkjebygget nivå 2+
- ii. Skanning og termografering av heile bygningen, eksteriør og interiør
- iii. Registrering og tidfesting av stavkyrkjeelement

f. **Organisasjonsutvikling – mellom fellesråda på indre Haugalandet.** Sjå vedlagt referat frå utvalet.

g. **Gåve frå e-lagsfondet: Me har fått 65000 kr. til nytt senkeapparat.** Hydraulisk senkeapparat er bestilt, i tillegg til litt anna naudsynt gravplassutstyr.

Sak 47/24 Møteplan 2025

Vedtak

Framlagt forslag vart godkjent med 7 møte i 2025.

Januarmøte vart flytta frå tysdag 21. til onsdag 22. jan.

Kyrjekontoret i Etne, den 27.11.2024
Gerd Ingunn Opdal
Leiar

Aud Jorunn Baustad
Kyrkjevevje